

Menighetsbladet

Tustna

Aure

Stemshaug

Nr. 4 Desember 2025 50. årgang



Juletreffester og adventssamlinger

13. desember	Luciatog, Nordvang grendehus kl. 16.00
14. desember	Adventssamling i Skarsgrenda bedehus. «Vi synger julesanger».
2. juledag	Juletreffest i Skarsgrenda bedehus kl.16.00
2. juledag	Sør-Tustna bedehus kl. 16.00-19.00
5. juledag	Juletreffest, Aure misjonshus kl. 16.00

Opningstid i Jula – 2025

Tirsdag 30.12 (6 juledag) har vi opent mellom kl 9-12.
Vanleg opningstid i frå fredag 2. januar.

Kyrkjeverja

Eldres Hyggestund på Aure misjonshus kl. 16.00

- 8. januar
- 12. februar
- 12. mars
- 9. april

Fra Minnenes album

Vinterarbeid på Gresset på 40-tallet.
På tømmerstokken: Johan Thevik og Paul (Pål) Gresset.



Julegavetips

Vi på kirkekontoret har diverse jubileumshefter tilgjengelig

Pris:	
Aure kyrkje 100 år	150,-
Aure kyrkje 100 år og 50 år	200,-
Stemshaug kyrkje 100 år	100,-
Gullstein kirke 150 år	150,-



Lucia-tur på Nauthatten

Lørdag 13. des., kl 16.00
møtes vi ved Nordvang grendahus

Små og store ønskes velkommen til «fakkeltur» på Nauthatten!

Etter turen tenner vi bålpanna å griller pølser og marshmallows ved grendahuset.

Vi ordner med fakler, varm saft, pepperkaker og mandariner.

Ta med hodelykt eller lommelykt.

Arr. U. l. Prøven

Min salme av Marit Berg

Det har vært en utrolig stor utfordring for meg å skulle velge ut kun en salme som «min salme».

Jeg er glad i mange salmer og de har hver sin historie med opplevelser og gode minner. Jeg plukker ut tre:

«Blå salme» velges, fordi Erik Bye har laget en utrolig fin tekst til denne sangen. Melodien er nydelig. «Jeg vil gi deg, å Herre, min lovsang» velges fordi jeg er glad i lovsanger. Og denne salmen synger vi i koret Arti Læll, samt at jeg har mange ungdomsminner forbundet med sangen.

«Jeg er så glad hver julekveld» betyr mye for meg, da min kjære lillebror, Vidar, laget en nydelig versjon av denne salmen før han døde i 2018. Hver jul så hører jeg mye på Vidar sin versjon av denne sangen og kan minnes broren min med latter og tårer. Barndomsminnene kommer da i store strømmer. Vi brukte å gå rundt jule-treet på juleaften og synge julesan-ger. Og så var vi jo på juletreffester og gikk julebukk, akte på kjelke og lagde

snømenn. Gode minner.

Nå er det jo snart jul, så da passer det godt med en liten julesalme. Salmen har 9 vers, men disse sitter fremdeles godt i minne.

*Jeg er så glad hver julekveld,
for da ble Jesus født;
da lyste stjernen som en sol,
og engler sang så søtt.*

*Det lille barn i Betlehem,
han var en konge stor
som kom fra himlens høye slott
ned til vår arme jord.*

*Nå bor han høyt i himmelrik,
han er Guds egen sønn,
men husker alltid på de små
og hører deres bønn.*

*Jeg er så glad hver julekveld,
da synger vi hans pris;
da åpner han for alle små
sitt søte paradis.*

Da tenner moder alle lys, så ingen

*krok er mørk.
Hun sier
stjernen lyste
så i hele
verdens ørk.*

*Hun sier at
den lyser enn og slokner aldri ut,
og hvis den skinner på min vei,
da kommer jeg til Gud.*

*Hun sier at de engler små,
de synger og i dag
om fred og fryd på jorderik
og om Guds velbehag.*

*Å gid jeg kunne synge så,
da ble visst Jesus glad;
ti jeg jo også ble Guds barn
engang i dåpens bad.*

*Jeg holder av vår julekveld
og av den Herre Krist,
og at han elsker meg igjen,
det vet jeg ganske visst.*

Ønsker alle en riktig god og fredfylt førjulstid.



Fem på gata...

1. Når synes du det er innafor å pynte til jul?
2. Pynter du til advent?



Bodil Husby Aarset

1. Jeg synes lys er greit å begynne med i november. Ellers vanlig julepynt litt ut i desember. Jeg har gjort litt forskjel-

lig, men jeg pynter ikke til jul før midt i desember.

2. Litt. Det har faktisk blitt mindre adventspynt enn tidligere. Adventsstake, adventsstjerne og noen duker. Stallen kommer opp 1. søndag i advent. Det er tradisjon.



Elen Marie Garshol

1. Vi har alltid pyntet 23. desember. Det er da vi har hentet juletre og satt inn, men de siste årene har julepynten stått

framme hele året.

2. Vi pynter litt når det er 1. søndag i advent. Det blir ikke så mye pynt. Blir så mye å rydde bort.



Gunhild Finset Ingvaldsen

1. desember. Juletreet bør ikke pyntes før 23. desember. 2. Ja. Jeg har julestjerne i vinduet på rommet mitt. Av og til har jeg et lite

juletre, men ikke før 23. desember.



Shakila Akbari

1. Vi liker å pynte til jul tidlig. 1. november pyntet vi. Vi har julepynt overalt. Barna liker jul veldig godt. Vi baker pepperkaker.

2. Vi har adventslys med fire lys og pynt som vi tenner 1. søndag i advent.

Stian Eddy Løfald Bakk



1. 1. advent er tidlig nok, men treet kommer ikke inn før det nærmer seg julaften. 2. Nei. Jul og advent er det samme for meg.

Kaffepraten med Ingunn Lundø

Livet er godt

Eit nytt ansikt på prestekontoret er Ingunn Lundø, vaskeekte aurgjelding og busett i Hjortåsen med mannen Lars Olav og borna Ludvig, Bjørnar og Julianne. Ingunn vart fødd i Orkdal i juni 1991, som det yngste av dei ni borna til Ingvi og Lars Barlaup. Og vaks opp på Gresset og vart dulla med, seier ho sjølv, av mor og far og åtte søsken, og av farmor og farfar på loftet. Ho var "eit artig lite bortheft", for å sitere mor Ingvi.

- Eg slapp unna strevet, veit du, smiler Ingunn, i siloslåtten gjekk eg attom nokon av dei andre og trappa silo. Når eg tenkjer på barndommen, er det berre glede, mellom anna glede over at eit eller fleire av søskena snart skulle kome heimom, frå studie eller arbeid. Og med åtte søsken hende det sjølsagt stadig vekk.

Vekk på skole

Vidaregåande gjekk Ingunn i Kristiansund og budde saman med si gode kusine Lisabeth Finset - no Særheim. Begge var veldig heimekjære, og Ingunn minnest at ho absolutt måtte heim midt i veka, kvar veke det første halve året. Men det vart no strevsamt i lengda, så det dabba av.

- Etter vidaregåande bar det til Tromsø, til Fjellheim Bibelskole. Eg gret og grudde meg til å reise vekk så langt, men med ein gong eg sette foten innfor døra på Fjellheim, kjende eg meg velkoma saman med 49 nye vener. Det vart eit fantastisk rikt år som eg ikkje vil ha vore forutan. Og året etter fekk eg vere med i "Nord-Norge-teamet", fire ungdomar frå Fjellheim som reiste omkring i Nordland, Troms og Finnmark med evangeliet.

Lars Olav

- I den tida var det at Trygve, bror min, sende ei meding over mobilen om ein kjekk ung mann frå Sørlandet: "Han skal du gifte deg med." Trygve var kamerat med Lars Olav og sa til han at han hadde ei søster han gjerne ville gifte bort. Da Lars Olav og eg så møttest på ein leir der vi begge var leiarar, meinte vi begge at dette var noko vi ikkje brydde oss om. Men så vart det oss likevel, og det er vi så glade for, smiler Ingunn over heile ansiktet.



Husmor og utearbeidande

Ingunn er førskolelærer med vidareutdanning og har vore lærar i småskolen i Oslo og her i kommunen, på Nordlandet og på Sør-Tustna. Og no er ho altså på prestekontoret og rundt om i bygda, attåt at ho er husmor.

- Eg gler meg kvar dag til å gå på jobb i eit flott miljø, seier Ingunn. Ho er tilsett i halv jobb i kyrkja, som



sekretær og som trusopplærar. Saman med Elisabeth Finset har ho ansvaret for arbeidet med babysong og andre aktivitetar for borna. Ho er òg med i det frivillige arbeidet på bedehuset, i "Ørneklubben", for borna frå fireårsalder til fjerde klasse.

Song og tru

Ingunn er sjølvlært på gitar og piano og spelar gjerne til allsongen på bedehuset ("Det blir no helst enkle akkordar det da"). Og er med i Aure Misjonskor, på "alt'n". Ho syng òg gjerne med brørne Øystein og Trygve, i ein trestemt og harmonisk trio som det er ein fryd å høyre på. I tillegg er ho ein habil teiknar og har mellom anna laga ein liten illustrasjon av falda bestemorhender til eit dikt av Sigrid Lien, i Menighetsbladet.

- Eit bibelvers eg er spesielt glad i, er det Paulus skriv til Timoteus, som noko av det siste den dødsdømte Paulus skreiv her i livet: Er vi trulause, er Han trufast, for Han kan ikkje fornekte seg sjølv (2. Tim. 2.13). Og ein favoritt mellom julesongane er "Det kimer nå til julefest, det kimer for den høye gjest". Det òg er noko å sjå fram til, at jula skal kimast inn, til minne om Han som kom og som kjem.

Asbjørn Barlaup

Nye regler for gravlys på gravplassene

Fra 2025 er det ikke lengre lov med løse gravlys på gravplassene i Aure. Begrunnelsen er hensynet til dyr og miljø.



Aure kirkelige fellesråd, som er gravferdsmyndigheten i Aure kommune vedtatt et forbud mot løse lykter.

FORTSATT LOV MED GRAVLYS

Det er fortsatt lov med lykter på gravplassene:

- Lykter av glass (de store tunge, ofte hjerteformede)
- Lys i en egnet enhet som er festet i bakken eller minnesmerket.

Da får ikke fuglene disse med seg.

Om det er noen spørsmål til dette, så er det bare å spørre en av våre ansatte ute på gravplassene, eller ringe oss på 716 46251. Sammen kan vi gjøre en forskjell.

-kirkevergen



50-årskonfirmantar i Aure og Stemshaug

1. rekke frå v. Ann Helen Torstuen, Eli Leira, Pauline Ulfnes, Rigmor Ormset, Marit Ødegård, Liv Hjelen.

2. rekke frå v. Kristen Einar Skogset, Oddny Elin Bugge, Tone Ulfnes, Brit Skar, Kirsten Romundset.

3. rekke frå v. Arve Goa, Tore Husby, Rolf Asbjørn Glomstad, Oddvar Vaag, Harald Johnny Krokli, Gunnar Dromnes, Mali Røv, Randi Leira.

Prestens hjørne

Det er snart Jul. Vi bruker adventstida til å vente på Jula. Når vi venter på jul, er det ikkje berre å slå i hjel tid, vi bruker denne tida aktivt. Vi bruker tida på å spele julemusikk, pynte, rydde, gå på forskjellige avslutninger, osv.

Å lære seg å vente er ein viktig lærdom. Det er ikkje berre å slå i hel tid, men å samstundes huske noko av fortida, og sjå mot framtida. Gud lærte Israelsfolket denne lærdommen gjennom ei 40 års pilgrims-vandring i ørkenen. Det var mange gonger dei både var leie og sure. Men dei hadde ein god leder og dei hadde gode lovnadar å gå på. Og dei kom fram.

Ein av dei menneska som møtte Jesusbarnet hette Simeon. Det står at han «venta på Israels trøyst». Når han hadde teke Jesusbarnet i armane sine sa han, nå har eg kome fram til målet for pilegrimsferda mi. No har eg sett det eg har venta på. Eg har sett Guds frelse.

Denne tida kan lære oss noko om å tru. Å tru er å vente på Herren. Å sjå bakover på hans lovnadar og å sjå fram mot oppfyllinga av lovnadane. Jesaja seier i kap 40: Men dei som ventar på Herren, får ny kraft; dei lyfter vengene som ørnar.

Per Sigve Særheim





JULEEVANGELIET

Lukasevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle lysast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

*«Ære vere Gud i det høgste.
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»*

Matteusevangeliet

Då Jesus var fødd i Betlehem i Judea, i kong Herodes' dagar, kan det nokre vismenn frå Austertand til Jerusalem og spurde: «Kvar er den jødekongen som no er fødd? Vi såg stjerna hans gå opp, og no er vi komne og vil hylla han.» Då kong Herodes fekk høyra det, vart han svært uroleg, og heile Jerusalem med han. Han kalla saman alle overprestane og dei skriftlærde i folket og spurde dei ut kvar Messias skulle bli fødd. «I Betlehem i Judea», svara dei, «for slik står det skrive hos profeten:

*Du Betlehem i Juda land
blant fyrstane i Juda er da slett ikkje den ringaste.
For frå deg skal det koma ein fyrste,
ein hyrding for mitt folk Israel.»*

Då kalla Herodes vismennene til seg i løynd og spurte dei nøye ut om kva tid stjerna hadde synt seg. Så sende han dei til Betlehem og sa: «Gå og forhøyr dykk nøye om barnet. Og når de har funne det, så sei frå til meg. så eg óg kan koma og hylla det.» Då dei hadde høyrte kva kongen hadde å seia, tok dei i veg. Og sjå, stjerna som dei hadde sett koma opp, fór føre dei heilt til ho vart ståande over staden der barnet var. Då dei såg stjerna, vart dei umåteleg glade. Dei gjekk inn i huset og fann barnet hos mora, Maria. Og dei fall på kne og hylla det. Så opna dei skrina sine og bar fram gåver til barnet: gull, røykjelse og myrra. Men God varsla dei i ein draum at dei ikkje måtte fara attende til Herodes, og dei tok ein annan veg heim til landet sitt.



Julemessa 2025



Laurdag 15. november var det julemesse på Aure misjons-hus, til inntekt for Norsk Luthersk Misjonssamband sitt arbeid. Margaret Krutvik ønska velkomen kl 11.00. Det var sal av mat heile dagen, og jamt mellom kaffekoppene var det åresal. Salsborda var fulle av heimestrikka klede, trearbeid og ulike typar julebakst. Gevinstborda stod klare med flotte gevinstar, og mange kom for å kjøpe lodd. For dei yngste var det spesielt kjekt med lykkehjul.

På avslutningsmøtet fekk me ein andakt av Lars Olav Lundø, og Aure misjonskor deltok med song. Til slutt vart trekningsslista presentert, og det er jo like spennande kvart år om ein får høyre namnet sitt opplest. Om ein vann eller ikkje, så verka det som at store og små hadde kost seg. Gjennom sal av lodd, mat og ulike varer kom det inn ca 80 000 kr. Det blei ei vellukka og flott julemesse.


Tekst og foto: Ingunn Lundø

JULEKONSERT I AURE KYRKJE
SØNDAG 21. DESEMBER 2025
KL. 15:00

ALEX KURBANOV
 KOR I ALL VERDEN
 ARTI LÆLL
 AURE MUSIKKORPS
 AURE MISJONSKOR
 AURE SONGLAG
 HANS OLAV HUSBY, TRYGVE BARLAUP
 & ØYSTEIN BARLAUP

Velkommen til musikalsk førjulsstemning!
 Ingen inngangsbillett, men takker for ei gave til arrangementet ved utgangene eller Vipps: 509300

Arr.: Aure Songlag



Babysong

Det har vore babysong på Aure misjonshus denne hausten òg. Ei av samlingane hadde vi på Aure sjukeheim, og det var veldig fint. Tolv babyar med sine mødrer har vore innom til saman.

Vi har først ei songstund med songar om kroppen, kjende songskattar, babysamba og songar med kristent innhald. Babyane får seg til og med ein liten tur «utpå bølgene», der mødrene blafrar med eit «hav» av blått tyll. Etterpå et vi lunsj ilag. Takk til Anne Bjørnholm som har vore kjøkenhjelp i haust. Og takk til alle mødrene som har møtt opp med sine søte små.

Det kjem nye datoar for våren, så følg med på facebooksidea «Trosopplæringen i Aure», og meld deg på.



Elida Hartveit Åsebø.



Besøk på Aure sjukeheim.



Mødre lager bøger.

Kirkekino

Måndag 17. november var alle 5-åringar i kommunen invitert til kino i Gullstein kirke med filmen «Kirkerottene». Ni born med foreldre møtte opp, og vi fekk ein koseleg ettermiddag saman. Vi hadde ei lita samlingsstund først, der vi fekk høyre om den gode hyrden. Ein hyrde kom òg på besøk, og da måtte borna vere med å leite etter den bortkomne sauven som hadde gøymd seg i kyrkja. Så var det kino med popcorn og saft/iste, og til og med litt godteri. Etter filmen åt vi polarbrød til kveldsmat og så avslutta vi samlinga med å tenne lys i lysgloben. Takk til alle som kom!

Tekst/foto: trosopplærarane



31. oktober

HalloVenn vart ein suksess i år òg! Takka vere sponsorar og dyktige 10. klassingar ved ABUS og TBUS med foreldre, kunne vi lage til ein artig fest for 45 barn på Leira forsamlingshus og 200 barn i Aure Arena. Takk for innsats av hjelparar og takk til alle som kom!

Helsing trusopplæringa



Utdeling av 2-årsbok og 4-årsbok

På SUPERsøndagane vart det delt ut bøker til 2- og 4-åringane våre. Gjennom desse bøkene kan borna bli kjend med den kristne trua gjennom songar og forteljinger. På gudstenestene fekk vi høyre om skapelsen gjennom flanellograf. Og vi fekk eit lite skodespel der Jesus kom ridande inn i kyrkja med eit esel. Det er nettopp denne kongen vi venter på no i adventstida!

Om du og barnet ditt ikkje hadde anledning til å møte opp på gudstenesta, så er det berre å stikke innom kyrkjekontoret i opningstidene for å få boka.

Ingunn Lundø





Barnas

Vits:

Vet du hva som er meitemarkens favorittsang?
Svar: Deilig er jorden.

LABYRINT

Kan du hjelpe gjeterne å finne veien til stallen?



Tegninger: EMILY FOX

FARGELEGG



FINN FEM FEIL

Her forteller englene gjeterne om Jesusbarnet i krybben. De to bildene er nesten helt like, men kan du finne de fem feilene på bildet under?




Gi bladet Barnas til et barn du er glad i!

Disse oppgavene er hentet fra bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 03 71 00

PRIKK TIL PRIKK

Tegn strek fra 1 til 2 også videre.
Hva gjemmer seg her?



Jula varer helt til påske

Visste du at menneskene i Chile kaller jula for påske? Og at jul for mange amerikanske barn er en rampete nisse som gjør skøyestreker gjennom hele desember? Juletradisjonene ser ulike ut rundt om i verden. La oss se på noen av dem.

Chilenere kaller jula for «Pascua», som betyr påske! De spiser påskebrød og julenissen heter «Viejito Pascuero», som kan oversettes til «gammel påskemann». Jula er midt i sommerferien og mange pynter huset 1. desember.

Ukrainerne er hovedsakelig ortodokse, og feirer tradisjonelt jul 6. - 7. januar. Etter Russlands angrep i 2022 har landet valgt å flytte den offisielle julefeiringen til 25. desember for å markere avstand til nabolandet. Kristendommen står sterkt i Ukraina, og julefeiringen er viktig. Det er tradisjon å lage 12 retter på julaften, og mange velger å ha på seg tradisjonelle klær og pynte med tradisjonelle buketter av korn og tørkede blomster.

I USA er rampenissen «Elf on the shelf» blitt veldig populær de siste årene. En liten nisse flytter inn i huset 1. desember og finner på sprell og ugagn frem til 25. desember. Nissen kan for eksempel komme på å pynte juletreet med dopapir eller gjemme alle skoene. Rampenissen blir også mer og mer populær i Norge.

Bare én prosent av kinesere er kristne, så julefeiringen er ikke så utbredt i Kina.

Likevel spiller kineserne en viktig rolle i vår julefeiring her hjemme i Norge. Cirka 70% av all julepynten vi kjøper er laget i byen Yiwu, Kinas egen julelandsby! Kanskje kan vi si at nissens verksted ikke ligger på Nordpolen, men i Kina?

I Etiopia kalles jula for «Ganna». Mange av de ortodokse etiopierne avstår fra kjøtt, alkohol og meieriprodukter i 43 dager før de tar fatt på julefeiringen om kvelden den 6. januar. Det er vanlig å samles i kirken og kle seg i hvite klær. 7. januar er det stor feiring med dans, musikk og det tradisjonelle etiopiske hockeyspillet med samme

navn som julehøytiden, Ganna. Ifølge etiopisk tradisjon feiret gjeterne i Betlehem fødselen til Jesus med å spille hockey!

Tekst: Ingrid Aukan



Foto: Wikimedia. Halyna Kuchmanysh, jul i Ukraina. Henok Gizachew, jul i Etiopia. Kilde: Veilederkorpset skole, Stavanger kommune

SJØSIDEN
FRISØR

Bente L. Kristiansen Istad
Mjosundet
Telefon 479 55 426

S MASKIN A/S
www.smaskin.no

Blomster og gaver i Aure!

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!

✝	Vi leverer alt til begravelser i Aure og Stemshaug. Frakt kr 50,-	ÅPENT
		ma-to 10-17
		Fre 10-18
		Lør 10-15

Velkommen til Vihals
Flora Idé AS
– Jøran Ulfesnes-Skar –
gartner og dekorator
Tlf 716 46 500 – 926 81 668

Klær Strand AURE

BERTELSEN GRAVFERD
Varm - åpen - trygg

Ditt lokale Heder byrå i
Aure - Heim - Rindal - Smøla - Surnadal

Tlf degmøtt: 72 45 11 11
post@bertelsen-gr.no
bertelsen-gr.no

COOP
vikhals
Dagligvarer, bensin, diesel
6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45

**LEDIG
PLASS FOR
NY
ANNONSØR**

Vi arrangerer

- * Barnedåp
- * Konfirmasjon
- * Bryllup
- * Bursdager
- * Minnesamvær
- * Catering

AURE GJESTEGÅRD

Tlf 716 46 238

BUNNPRIS

Aure
09 - 22 (20)
Tlf 71 64 62 70

Nybygg, rehabilitering, mur- og betongarbeider, puss- og flisarbeider, kjerneboring, betongsaging, graving.

Glomstad Bygg as
6690 Aure Tlf. 71 64 66 60

AURE BIL OG FRITID

Din naturlige samarbeidspartner ved kjøp og service på:

- Bil
- Båt og båtmotor
- Caravan
- ATV
- Tilhenger
- Skog- og hageprodukter
- Verksted for bil, caravan, marine, ATV, landbruk, småmaskiner, EU-kontroll + + +
- Bilpleie
- Karosseri/lakk

Ta Kontakt med oss for en hyggelig handel.

Tlf: 48 48 83 48
E-post: post@arebilogfritid.no
Nettside: www.aurebilogfritid.no
Facebook: Aurebilogfritid

Nytt frå kyrkjeverja

- Gravplassane har vore skjeldan fint stelt i sommar. Vi har hatt eit godt mannskap ute på gravplassane denne sesongen. Med nedskjering i 2026, vil vi dessverre ikkje klare å holde same standard. Ber om at besøkjande på gravplassane har forståing.
- Gangvegen frå porten og inn til Aure kyrkje er oppgrove og nygrusa no i haust. Det vart eit veldig bra resultat
- Det er montert varmpumpe i Stemshaug kyrkje, noko vi er svært godt fornøgd med.
- Ny skjerm på Gullstein. Vi har investert i tv-skjerm i Gullstein kirke, som kan brukes til program på gudstjenester, undervisning og foredrag. Den har allerede blitt testet ut på konfirmantundervisning, kirke kino og vanlig gudstjeneste.



Julens blomster

I tillegg til juletre og annen pynt, hører også blomster julen til for de aller fleste.

Den tradisjonelle julestjernen har dalende popularitet av flere grunner. Allergi er nok den største årsaken, hvor det er knoppene i midten av stjernen som fremkaller reaksjoner hos mange. Kniper du bort disse, som er den egentlige blomsten, vil en unngå allergi. Den røde stjernen er nemlig grønne blader som har blitt rød pga. korttidsbehandling av planten i drivhuset. Julestjernen trives varmt, og må ikke utsettes for trekk. Gi jevnt med vann i små mengder av gangen.

Julegleden er nærmest forsvunnet fra markedet, hvor hovedgrunnen er at den trives kjølig og lyst, gjerne i litt trekkfulle gamle vinduer, som få av oss har i dag.

Ildtopp i rød og hvit er enkle og populære planter også til jul. Den trenger lite vann og kan stå inne i rommet.

Svibel må mange ha til jul, med dens ka-

rakteristiske lukt. Denne er det selvsagt også flere som er allergiske mot. Den kan bremses ved å oppbevare den kjølig til en 3-4 dager før jul. Den tåler også å stå ute i en minusgrad eller to.

Asalea i hvit eller rød må mange ha til jul. Disse vil ikke tørke ut, og beste rådet er å sette de i t.d. oppvaskkummen og å la de trekke seg opp med vann, for så å sette de tilbake i pyntepotten sin igjen. Slik unngår en drukning av røttene. Asalea holder seg aller lengst om den ikke står for varmt.

Amaryllis er for mange blitt julens favoritt. Den bør settes lyst og minimalt med vann. Kjøper du den lite kommet, er det nå på tide å sette den varmt, om den skal blomstre til jul/nyttår.

Ellers er tulipaner, julebuketter, sammenplantinger og snittdekorasjoner populært til julebordet, og holder seg godt og lenge. Et tips er å sette avskårne blomster kjølig på natten, for å forlenge levetiden.



Riktig god blomstrende jul til dere alle!

Jøran Ulfesnes-Skar



Livets gang

Aure kyrkje

Døpte:
26.10.25 Selma Torset Oldervik

Vigde:
31.10.25 Silje Kippernes og Kjetil Hafsås

Døde:
30.08.25 Ole Johan Bendiks Nilsen f. 1941
22.10.25 Helmine Olsvik f. 1940
04.11.25 Gerd Annie Bergfald f. 1944
14.11.25 Finn Otto Fremstad f. 1941

Stemshaug kyrkje

Døpte:
23.11.25 Ane Goa Torstuen

Døde:
06.09.25 Ola Aarvåg f. 1992
21.11.25 Ragnhild Høyseth f. 1943

Gullstein kyrkje

Døpte:
21.09.25 Aleksander Edmund Stabben

Døde:
06.09.25 Elsa Eli Lauritsen f. 1941
17.09.25 Arnfinn Svensvik f. 1949
29.09.25 Jonas Idar Holm f. 1930
10.10.25 Bjarne Aas f. 1946

Vareminnesider.no – dødsannonser frå heile landet



GÅVER TIL KYRKJELYDEN

Dersom nokon har lyst til å gje ei gåve til arbeidet i kyrkjelyden, er det høve til det. Dette kan være minnegåve eller ønske om å støtte frivillig arbeid, som t.d. barne- og ungdomsarbeid eller besøksteneste.

Kyrkjelydsarbeidet i Aure sokn/ barne
- og ungdomsarbeid
*3930 18 13493 Vipps: 119778

Kyrkjelydsarbeidet i Stemshaug sokn/
barne - og ungdomsarbeid
*3930 18 13523 Vipps: 119784

Menighetsarbeidet i Tustna sokn/
barne - og ungdomsarbeid
*3930 18 13531 Vipps: 119785

Aure Blomsterfond (til å gjere kyrkjer
og kyrkjegardar finare)
*3930 18 17049

Stemshaug Blomsterfond (til å gjere
kyrkjer og kyrkjegardar finare)
*3930 18 17138

Diakoniutvalet
*3930 18 16980 Vipps: 611293

Kyrkjemusikalsk arbeid
*3930 18 17014

Konfirmantarbeidet
*3930 18 17022

Menighetsbladet
* 3930 18 17065 Vipps: 611170

Kontaktinformasjon

Adresse:
Aursundsvegen 147
6690 Aure
post@arekyrkje.no

Kyrjekontoret, Aure
Tlf: 71646251
Kontortid:
Ty-, to-, og fredag
kl 0900-1300
www.aurekyrkje.no

Telefonar:
Kyrkjevevjer:
Judith Bjørk:
924 35 280

Prestvikar:
Per Sigve Særheim: 984 02 568

Organist:
Alex Kurbanov:
924 30 113

Kyrkjetenar / Gravplassarbeidar
Roger Steen:
468 62 240

Kristian Husby:
942 79 958

Reinhaldar: Kari Anita Kallandsvik

Dordi Signe Oldervik
479 75 472

Menighetspedagog/sekretær
Vikar: Ingunn Lundø: 479 75085

Menighetspedagog
Elisabeth Finset: 479 75 085

Bladstyre:
Ingrid Aukan: 943 66 957
Asbjørn Barlaup: 482 37 889
Miriam Finset Ingvaldsen: 918 11 325
Marit Klungen, Jøran Ulfnes-Skar,
Gunn Randi Fosslund og
Judith Susanne Bjørk.

Menighetsbladet kontonr.
3930.18.17065

VIPPS: 611170

Trykk:
Fagtrykk Orkla AS



Gudstenester

Med atterhald om endringar
– følg med i aviser og oppslag og på
nettsida www.aurekyrkje.no

07.12.2025	19:00	Aure kyrkje	Lysmesse	
24.12.2025	13:00	Gullstein kirke	Familiegudstjeneste	
24.12.2025	15:00	Aure kyrkje	Familiegudstjeneste	
25.12.2025	12:00	Stemshaug kyrkje	Høgtidsgudstjeneste	
25.12.2025	16:00	Aure kyrkje	Høgtidsgudstjeneste	
11.01.2026	11:00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse	
18.01.2026	11:00	Aure kyrkje	Høgmesse	
24.01.2026	11:00	Gullstein kirke	Høgmesse	OBS: Lørdag
08.02.2026	11:00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse	
15.02.2026	11:00	Aure kyrkje	Familiegudstjeneste	
01.03.2026	11:00	Gullstein kirke	Familiegudstjeneste	
08.03.2026	19:00	Aure kyrkje	Samtalegudstjeneste	
15.03.2026	11:00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse	Årsmøte
22.03.2026	11:00	Gullstein kirke	Høgmesse	Årsmøte

Fra slitt til nytt

Vi i Gravfix fikser
gravplassen slik at den blir
seende ny og flott ut.



Kontakt oss
91 56 83 05
gravfix@gravfix.no



Returadresse:

Menighetsblad
v/ Aure kyrkjekontor
Aursundvegen 147
6690 Aure



Aleksander Edmund Stabben - Døpt i Gullstein kirke 21.09.25



Ane Goa Torstuen
- Døpt i Stemshaug
kyrkje 23.11.25.



Gabriela Monraz Betancourt og Herolf Skiphamn Fladseth giftet seg i Trondheim rådhus 23. mai, og fikk giftemålet sin velsignelse i Aure Kirke 23. august 2025.



Selma Torset Oldervik - Aure kyrkje
26.10.25.

Silje Kippernes og Kjetil Hafsås viet i Aure
kyrkje 31.10.25

